

Ferdigheit:	Å gjere det trygt å feile
 1 Hva?	- Kven her har gjort noko feil som andre har lagt merke til? (rekk opp handa sjølv òg) - Korleis kjennest det å gjere feil medan andre ser det? - Kva er den verste reaksjonen andre kan gi når det skjer? Fortel: Alle gjer feil av og til, og det gjer ingenting, for det er ein viktig del av det å lære. Når nokon gjer feil, kan vi reagere på måtar som gjer at det kjennest trygt å feile. Det skal vi øve på i dag.
 2 Hvorfor?	Kvifor er det lurt å gjere det trygt å feile? Kven er det bra for? - Bra for meg og deg: – fordi eg òg gjer feil av og til! - Bra for oss: – fordi vi får det betre saman og lærer meir!
 3 Hvordan?	Kva tenkjer de er lurt å seie eller gjere når nokon gjer noko feil? Dette er ofte lurt og hjelpesamt når nokon gjer feil og blir flau: - Vis at du forstår kjensla med eit venleg, godt smil eller blikk. - Sei gjerne noko hjelpesamt eller oppmuntrande, til dømes: <i>Å, det var uflaks! Det går bra! Alle gjer feil av og til. Vil du prøve igjen? Vil du ha litt hjelp?</i>
 4 Øv!	Samarbeid og finn eit venleg, godt blikk som de gjerne ville blitt møtte med dersom de gjorde noko feil. Korleis kjennest det å gi og få eit slikt blikk? - Finn ut kva de ville likt at nokon sa dersom: - du bomma på mål i ein gymsøkk - du sa noko feil i ein presentasjon - du rakk opp handa, men svaret ditt passa ikkje - du argumenterte for feil svar i ein gruppequiz - Rollespel at nokon gjer feil, men blir møtt på ein god måte. Eller teikn ein liten teikneserie der nokon hjelper ein annan som har gjort ein feil.
 5 Prøv!	Framover skal vi prøve å gjere dette når vi oppdagar at nokon gjer noko feil. Og hugs: Dersom nokon gløymer seg og møter feil på dårlege måtar, så er det òg eit døme på å gjere feil. Gi dei òg eit venleg smil og ein ny sjanse!